

# **Ordning for hovudgudsteneste i Fitjar kyrkjelyd**

## **1. SAMLING.**

### **Førebuing**

Kyrkjerommet er gjort i stand og ljosa tende i god tid før gudstenesta tek til.

### **Klokkeringing**

### **Informasjon om dagens gudsteneste**

Klokkaren seier litt om gudstenesta/dagen i kyrkeåret og anna nødvendig. Avsluttar med:

**ML: Lat oss ver stille for Gud**

Kort stille før 3 klokkeslag

## **2. INNGANGSSALME**

Kyrkjelyden står under salmen. Ved dåp, konfirmasjon, familiegudstenester og somme andre høve er det naturleg med inngangsprosesjon her.

## **3. HELSING:**

**L:** Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og

**Alt. 2:** I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

**Alt. 3:** Vår Herre Jesu Kristi nåde, Gud, vår Fars, kjærleik og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle.

## **4. SAMLINGSBØN.**

Ein vekslar mellom bønene som står på sidene 154-155 og 193-195.

Lokale variantar er og aktuelle.

Forslag til lokal variant:

«Gode Gud, du seier at i stille og tillit til deg skal styrken vår vera.

Gjer du oss denne stunda stille og tillitsfulle, slik at me kan leggja av oss sutene våre og kvila i di velsigning og omsorg. Riv oss ut av tida sitt jag. Lat oss sitja ved ditt rike bord og ta imot alt me treng for eit liv i tru og teneste.»

## **SYNDSVEDKJENNING.**

Innleiingar: **L:** Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

**Alt.: L:** I tillit til Guds nåde vil vi sanna syndene våre.

**A:** *Gud, ver meg nådig! Eg har synda mot deg og svikta min neste – med tankar og ord, med det eg har gjort, og med det eg har forsømt. Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reint hjarte, og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.*

Dei andre alternativa på s. 156 er også aktuelle.

Lovnadsorda frå 1. Joh 1,9 og Salme 103,11-12 bør også brukast i blant

## **6 og 7. KYRIE OG GLORIA.**

Allmenn serie 2 + fullstendig form av LAUDAMUS på høgtidsdagar.

Gloria fell ut i fastetida.

**8. DAGENS BØN.** Kan brukast/Kan sløyfast. Kan også i blant brukast som samlingbøn. Sjå s. 200-227.

## **II. ORDET**

**9. FØRSTE LESINGA** Innleiing og avslutning som før.

**10. BIBELSK SALME/SALME**

**11. ANDRE LESINGA** Innleiing og avslutning som før.

**12. SALME FØR PREIKA** Gjerne ein bønesalme/eventuelt lovprising (Halleluja).

**13. EVANGELIUM** Innleiing og avslutning som før. Kyrkjelyden står under lesinga.

**14. PREIKE** Bør avsluttast med: Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage Ande, som var og er og vera skal ein sann Gud frå æve og til æve.

**15. TRUVEDKJENNING/CREDO** Den apostoliske vedkjenninga til vanleg, men den nikenske på høgtidsdagar.

**16. SALME ETTER PREIKA**

**17. KUNNGJERINGAR** Informative og konsise.

## **18. FORBØN FOR KYRKJA OG VERDA** Formulerte bøner s. 235-

240. Litaniet (NoS 980,2) i fastetida og på bot- og bønedagen. Lokalt formulerte bøner, godt gjennomarbeida – slik at heile kyrkjelyden kan be med. Bør ha med: Folk og nasjonar i verda, vårt land og folk, den verdsvide kyrkja og kyrkja i vårt land, kyrkjelyden vår, familiane våre og staden der me bur, aktuelle hendingar i tida (ulukker, naud og liknande).

Bønevandring. 4 himmelretningar.

Bøn der salmar er ein del av teksten: Vi rekker våre hender frem, Ver meg nær, å Gud, Eg faldar mine hender små, Da jeg trengte en neste m.fl.

Bønesvar: Herre, høyr vår bøn – og eit par til, men ikkje for mange.

Vi minnest dei døde og ber for dei sørgjande **som siste del av forbøna:**

**L/ML:** *Vi reiser oss og minnest den/dei i kyrkjelyden vår som er døde og gravlagde sidan vi sist var samla:*

Dei døde vert nemnde med fullstendige namn.

**L/ML:** *Lær oss å telja våre dagar så vi kan få visdom i hjartet!*

Salme 90,12.

**Miskunnsame Gud, trøyst dei sørgjande og vær nær dei i tida som kjem.**

Kyrkjelyden avsluttar med kyrkjelydssvaret frå dagen si forbøn.

## **19. Takkoffer frå kyrkjelyden/nattverdsalme**

Innsamling i benkene er det normale – då gjerne under salmen før nattverden, men på høgtidsdagar og ved familiegudstenester gjerne på altaret. Etter kvart tek likevel vippes meir og meir over.

Bøn for takkofferet: L: **Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig, høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende. Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.**

## **III. NATTVERD**

## **20. Førebuing av måltidet**

## **Takkseiing og bøn**

### **Nattverdbøn**

### **Helsing /Prefasjonsdialog**

**L:** *Herren vere med dykk*

**K:** *Og med deg vere Herren.*

**L:** *Lyft dykkar hjarte.*

**K:** *Vi lyfter våre hjarte til Herren.*

**L:** *Lat oss takka Herren, vår Gud*

**K:** *Det er verdig og rett.*

Musikalsk: Allmenn serie 1, 2 og fest- og fasteserien er å føretrekkja. Allmenn serie 3 er vakker, men vil vera ei utfordring for kyrkjelyden.

Fint med dei ulike nattverdsbønene tilpassa kyrkleåret og ulike tema.

**Innstiftingsorda** vert lesne eller sungne.

Vår Far i himmelen Herrens bøn kan syngjast

## **22: Nattverdsmåltidet**

Fredhelsing PAX

**L:** Guds fred vere med dykk.

**K:** Guds fred vere med deg.

**Agnus Dei:** Du Guds Lam, som ber all verdsens synder....

**L:** Kom, for alt gjort ferdig

**Utdelingsord:**

Kristi kropp, gjeven for deg

Kristi blod, utrent for deg

**Alternativ:**

*Dette er Jesu kropp/leikam.*

*Dette er Jesu blod.*

Til småborn og andre som kjem fram utan å ta del i måltidet, kan ein sei:

***Herren velsigne deg og vare deg og føre deg til det evige livet.***

**Etter utdelinga:**

**L:** Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin **heilage** kropp/lekam og sitt **dyre** blod som han gav til soning for syndene våre. Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet. Fred vere med dykk. (Helsinga vert etter vår meining «flatare» utan dei markerte orda.)

## 23: Avslutting av måltidet

Takkebøn

**L:** Lat oss takka og be:

Alle dei fire føreslegne bønene (s. 190) er aktuelle, men hos oss sløyfar me veksellesinga.

## IV: SENDING

### 24: Salme Kyrkjelyden står under sluttsalmen

### 25: Velsigning

Lovprising BENEDICAMUS

**L:** Lat oss prisa Herren.

**K:** Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

Eller

Helsing SALUTIO

**L seier eller syng:** Herren vere med dykk.

**K:** Og med deg vere Herren.

Eller

**L seier:** Ta imot velsigninga.

**L syng eller seier:** Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. +

**K:** Amen. Amen. Amen.

Tre gonger tre bøneslag.

## 26: UTSENDING

**L:** Gå i fred. Ten Herren med glede.

Alternativt:

L: Lat oss gå i fred

A: i Jesu Kristi namn.

## **27: POSTLUDIUM/UTGANGSPROSESJON**